

Acta – barn og unge i Normisjon er blant de største barne- og ungdomsorganisasjonene i Norge. Vi har nå mer enn 20 000 medlemmer fordelt på cirka 600 lokale fellesskap.

Acta er en helt sentral del av Den norske kirkes arbeid for og blant barn og unge. Vi kombinerer nært samarbeid med lokale menigheter og selvstendig arbeid på bedehus, leirsteder og i hjemmene. Sammen skaper vi trygge fellesskap hvor troen på Jesus kan få rom til å vokse.

Samarbeidet mellom Acta og Den norske kirke har blomstret gjennom mange år, og skjer både lokalt, regionalt og nasjonalt. Det viktigste arbeidet skjer lokalt: Foreninger, kor og grupper i menigheter har mulighet til å være medlem i Acta. Gjennom medlemskapet blir de en del av et større fellesskap med mulighet for oppfølging fra våre dyktige ansatte og frivillige. De får også tilgang til økonomisk støtte og relevant materiell og kreative konsepter som utvikles av Acta. Regionalt gir våre nesten 150 (!) årlige leirer svært mange barn og unge gode møter med Jesus og andre barn og ungdommer på egen alder. Nasjonalt gjennomfører vi festivaler som The International Soul Children Festival, Musikkverksted samt konfirmantleiren KonfCamp på Skjærgårds Music and Mission Festival.

Vårt hovedfokus i tiden fremover vil være å legge til rette for nye kristne fellesskap for barn og unge og styrke lokallagene som allerede er i gang. Vi vil også satse på å inkludere migrantbarn på leirer og lokallag.

For å lykkes med alt dette, trenger vi forbønn og økonomisk støtte.

Vi setter stor pris på om dere vil be for oss og gi Acta takkofferet i en av menighetens gudstjenester i 2026!

Med takknemlig hilsen



Hans Kristian Skaar
Daglig leder i Acta – barn og unge i Normisjon



FORSLAG TIL TEKST TIL OPPLESNING

I dag kan vi gi en gave til Acta – barn og unge i Normisjon. Acta inviterer til utrustende ledertrening og livsglade fellesskap for barn og ungdom. Vi skaper også gode sang- og musikkopplevelser gjennom Soul Children-kor og andre kor og arrangerer gøyale leirer på ulike steder over hele landet.

Takk for at du vil være med å gi barn og unge i Norge gode opplevelser og hjelp til å tro på og følge Jesus!

Acta – barn og unge i Normisjon er ein av dei største barne- og ungdomsorganisasjonane i Noreg. Vi har no meir enn 20 000 medlemmar fordelt på omlag 600 lokale fellesskap.

Acta er ein heilt sentral del av Den norske kyrkja sitt arbeid for og blant barn og unge. Vi kombinerer nært samarbeid med lokale kyrkjelydar og sjølvstendig arbeid på bedehus, leirstadar og i heimane. Saman skaper vi trygge fellesskap der trua på Jesus kan få rom til å vekse.

Samarbeidet mellom Acta og Den norske kyrkje har blomstra gjennom mange år, og skjer både lokalt, regionalt og nasjonalt. Det viktigaste arbeidet skjer lokalt: Foreiningar, kor og grupper i kyrkjelydane har mogelegheit til å vere medlem i Acta. Gjennom medlemskapet vert dei ein del av eit større fellesskap med mogelegheit for oppfølging frå våre dyktige tilsette og frivillige. Dei får òg tilgang til økonomisk støtte, relevant materiell og kreative konsept som vert utvikla av Acta. Regionalt gir våre nesten 150 (!) årlege leirar svært mange barn og unge gode møter med Jesus og andre barn og ungdommar på eigen alder. Nasjonalt gjennomfører vi festivalar som Soul Children-festivalen, Musikkverksted, samt konfirmantleiren KonfCamp på Skjærgårds Music and Mission Festival.

Vårt hovudfokus i tida framover vil vere å leggje til rette for nye kristne fellesskap for barn og unge og styrke lokallaga som allereie er i gang. Vi vil òg satse på å inkludere migrantbarn på leirar og lokallag.

For å lykkast med alt dette, treng vi forbøn og økonomisk støtte. Vi set stor pris på om de vil be for oss og gje Acta takkofferet i ei av kyrkjelyden sine gudstenester i 2026!

Med takknemleg helsing



Hans Kristian Skaar
Dagleg leiar i Acta – barn og unge i Normisjon



FORSLAG TIL TEKST TIL OPPLESING

I dag kan vi gje ei gåve til Acta – barn og unge i Normisjon. Acta inviterer til utrustande leiartrening og livsglade fellesskap for barn og ungdom. Vi skaper også gode song- og musikkopplevingar gjennom Soul Children-kor og andre kor og arrangerer kjekke leirar på ulike stader over heile landet.

Takk for at du vil vere med å gi barn og unge i Noreg gode opplevingar og hjelp til å tru på og følge Jesus.